



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 26.08.2010  
**Møtetid:** 18.00 - 21.15  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 21 medlemmer møtte 21.

| <b>Desse medlemene møtte ikkje:</b> | <b>I staden møtte:</b> |
|-------------------------------------|------------------------|
|                                     |                        |

### **Andre som var til stades på møtet:**

- Hilde Lill Våge – konstituert rådmann under heile møtet
- Magda Haugen – politisk sekretær under heile møtet
- Gerhard Kahrs – leiar for Kompetansesenteret for småskala energi- og klimatiltak under heile møtet
- Øyvind Thorkildsen frå BKK-NETT under første del av møtet som var ope for publikum.

### **Merknader:**

Første delen av møtet vart halde som eit ope møte med høve til spørsmål frå publikum.

|                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| <b>Orienteringar/meldingar:</b>   |  |
| <b>Spørsmål/interpellasjonar:</b> |  |
| <b>Dokument utlevert i møtet:</b> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Kart over linjetrasè som Statnett har fått konsesjon til å byggja frå OED: Sima - Samnanger.</li></ul> |

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27.08.2010

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet |          |  |         |
|-------------------------------|----------|--|---------|
| Sak nr.                       | Arkivsak | Sakstittel   | Merknad |
| 035/10                        | 09/86    | Kraftledning mellom Sima og Samnanger - oppstart i Samnanger, nedsetjing av arbeidsgruppe og mandat. |         |

## FASTE SAKER

| Oversikt over faste saker   |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll</li><li>• Delegerte vedtak / referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul> |

- Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent slik dei låg føre
- Protokoll frå førre møte vart godkjent slik den låg føre.
- Val av 3 representantar for underskriving av protokollen. Følgjande medlemmer vart samrøystes valde:
  - Marit A. Aase, Krf.
  - Brigt Olav Gåsdal, Ap
  - Eva Hellevang, H
- Det var ingen delegerte vedtak / referatsaker.
- Utvalet sitt kvarter:
  - Gunnar Bruvik Frp sette fram spørsmål om fartsnedsetjande tiltak på Ytre Tysse. Ordføraren orienterte om planane for fartsdumpar og nedsetjing av fartsgrensene slik dei no ligg føre frå Statens vegvesen.
  - Olaug Øystese Ap sette fram spørsmål om gatelys i Haukanesliane. Konstituert rådmann orienterte om det pågåande arbeidet og at det enno ikkje er slutført.

**SAKNR. 035/10**

**KRAFTLEDNING MELLOM SIMA OG SAMNANGER - OPPSTART I SAMNANGER, NEDSETJING AV ARBEIDSGRUPPE OG MANDAT.**

**26.08.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*”Til å ivareta kommunen sine interesser i samband med bygging av 420 kV-lina Sima*

*– Samnanger vert desse valde:*

- *Ordførar*
- *Varaordførar*
- *Leiar i Naturutvalet*
- *Nestleiar i Naturutvalet*

*Utvalet skal ivareta Samnanger kommune sine interesser i den pågåande diskusjonen med Olje- og Energidepartementet (OED) og Statnett. Utvalet skal fortløpande rapportera til Kommunestyret.”*

**Vidar Rolland Bl** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*”Gjeldende vernevedtak for sideelvene til Eikedalsvassdraget blir håndtert i*

*Vassdragsplanen som skal utarbeides av Naturutvalget i løpet av 2010.*

*Planen legges fram for kommunestyret for godkjenning.*

*Evt forslag om endring av vernestatus for sideelvene til Eikedalsvassdraget må konsekvensutredas på ordinær måte.”*

**Tyra Pedersen Frp** ba om gruppemøte og møtet vart heva kl. 21.00. Møtet vart sett kl. 21.05.

Det vart røysta over framlegget til Vidar Rolland. Framlegget fekk ei røyst og vart ikkje vedtatte.

Det vart røysta over framlegget frå Brigt Olav Gåsdal og det vart samrøystes vedteke.

**KS-035/10 VEDTAK:**

Til å ivareta kommunen sine interesser i samband med bygging av 420 kV-lina Sima – Samnanger vert desse valde:

- Ordførar
- Varaordførar
- Leiar i Naturutvalet
- Nestleiar i Naturutvalet

Utvalet skal ivareta Samnanger kommune sine interesser i den pågåande diskusjonen med Olje- og Energidepartementet (OED) og Statnett. Utvalet skal fortløpande rapportera til Kommunestyret

